

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

**Vingardssøndag (14. søndag i treeiningstida) – 6. september 2020**

Preiketekst: Matt 20,1-16

Lesetekst I: Jes 27,2-6

Lesetekst II: 1 Kor 1,1-3

## Guds vingard – Guds prosjekt

Metaforen «vingard» (hebraisk: *kerem*) er hyppig brukt i Bibelen. Den mest kjente bruken er som namn på fjellet Karmel (Karm-´El), dvs Guds vingard. Dei seks ára eg og familien hadde teneste for DNI i Haifa, så budde vi altså på nordskråninga til *Guds* vingard.

På vingardssøndagen er det ekstra viktig – for den som vil få tak i kva bibeltekstane handlar om – å begynna med Gud: Vingarden er Guds prosjekt, sjølv om det er veldig lett vint for oss menneske å ta dissens på akkurat det punktet.

### Guds vingard – det handlar om Israel

Guds vingard/vinstokk er ein metafor for Israels folk og/eller leiaren i Israel. Både profetane og Yeshua/Jesus brukar denne metaforen ofte. Sjå t.d. Jes 5,1-7; 27,2-6; Jer 2,21; 12,10; Esek 17,5-6; Hos 10,1; Joel 1,7; Sal 80,8-16; Matt 21,28-32; Matt 21,33-43 (og parallellane i Mark 12,1-12 og Luk 20,9-19) og Joh 15,1-8 – i tillegg til dagens lesetekst og preiketekst.

Tekstane om «Guds vingard» fortel om Guds høge forventningar til Israel som ikkje slo til, om dom, men òg om at «Israel skal veksa og bløma og fylla jorda (heb: *tevel*, dvs heile kloden) med grøde» (Jes 27,6).

For den heidningkristne delen av Guds kyrkje (eg reknar med at dei aller fleste som brukar DNI sin preikeverkstad, forkynner i samanhengar der ein sær s låg prosentandel av tilhøyrarane er jødar) har det vore – og er framleis – ein tendens til å lesa uttrykk der Gud seier han vil «gå til strid og brenna opp alt saman (dvs heile vingarden)» (Jes 27,4) som om Gud avviser Israelfolket, for deretter å oppretta «den nye pakta» for alle andre folkeslag. Det er likeeins lett å lesa likninga til Yeshua/Jesus om vinbøndene og arvingen (Matt 21,33-46) langs den same hermeneutikken: Domen kan det jødiske folk ta seg av mens «vi andre» gjerne vil ha del i velsigninga og reknar oss som «helga i Kristus Jesus» (1 Kor 1,2).

Risikoen for at den heidningkristne tradisjonelle hermeneutiske ballasten får oss til å tolka preiketeksten om arbeidarane i vingarden etter same prinsipp er stor. Det er fort gjort å la dei arbeidarane som kom til vingarden frå morgonen av få vera jødane og dei arbeidarane som kom sist og blei gjort stas på kan vera «oss», dvs «oss ikkje-jødar». Nokre gonger skjer

dette fordi predikanten er ein overtydd erstatningsteolog, mens andre gonger er grunnen «berre» uheldige og dårleg gjennomtenkte formuleringar.

Når heidningkristne predikantar førebur seg til å preika, så «låner» de jødiske Skriftene, Tanakh (GT) og NT, som handlar om eit anna folk enn sitt eige og om Guds handlingar med det jødiske folket. Når då ikkje ein einaste jøde er til stades med «tilsvarerett», bør vi kunna forventa at predikanten klarar å unngå «uheldige formuleringar». «[H]ugs at det er ikkje du som ber rota, men rota som ber deg» (Rom 11,18).

### **Guds vingard – heidningane invitert inn i eit jødisk univers**

Viss vi heller nærmar oss preiketeksten i denne jødiske boka som med rette blir kalla «Den heilage Skriften» utfrå det hermeneutiske utgangspunktet at alt i Bibelen, både domsord og lovnader først og fremst er retta til det jødiske folket (sml Rom 2,9-11), så gir det seg at jøden Yeshua fortel likninga om arbeidarane i vingarden til og om jødar (han levde i eit jødisk miljø). Alle - både dei arbeidarane som møtte tidleg, dei som møtte seint, lyttarane og han som fortalde likninga - var jødar.

Den heidningkristne predikanten og dei heidningkristne lyttarane på vingardssøndagen blir invitert inn i eit jødisk univers med jødiske metaforar (slik dei blir ved opplesing av einkvar bibeltekst). Det kan neppe blir meir jødisk enn å bruka «vingarden» som metafor for Guds prosjekt med Israel. Eit anna typisk jødisk uttrykk er at nokon «ser [...] med vonde augo» (Matt 20,15), dvs at nokon er gjerrig (sml Matt 6,22-23).

Likninga om arbeidarane i vingarden er ei eksempelforteljing som skal forklara kva setninga «dei første skal bli dei siste og dei siste skal bli dei første» (Matt 19,30 og 20,16). Konteksten er at ein rik mann (jøde han òg – Yeshua snakka stort sett berre med jødar) spør Yeshua om korleis han skal få evig liv. Yeshua påpeikar problemet med rikdomen hans. Så då seier Yeshua at det er vanskeleg, ja reint av umogleg – for menneske - å koma inn i Guds rike. Peter spør så kva som skal skje med dei (hugs at Peter og dei andre læresveinane var jødar) som hadde «gått frå alt og følgd [Yeshua]» (Matt 19,27). Og Yeshua svarar ved å eksplisitt referera til den jødiske konteksten: Menneskesonen skal sitja på kongsstolen sin og læresveinane skal «sitja på tolv troner og dømma dei tolv *Israelstammene*» (Matt 19,28). Vi heidningkristne som les dette, skjønar at Yeshua ikkje snakka først og fremst til oss som ikkje tilhøyrer nokon av Israelstammene, men at det heile handlar om nokre i Guds utvalde folk som tok imot Menneskesonen og nokre som ikkje gjorde det – og at invitasjonen til ikkje-jødar går ut i andre rekke. Så lenge vi er fornøgde med nåde og ikkje stiller krav til Gud basert på menneskerettar, så er det meir enn godt nok å bli invitert til tru på Yeshua i andre rekke.

### **Guds vingard – fordi Gud er god og inviterer**

Likninga om arbeidarane i vingarden skal fortelja nettopp desse to ting: Uansett kor seint det er på dagen, så inviterer Gud inn til vingarden sin og uansett kor lenge nokon har vore med i vingarden, så er det umogleg å opparbeida seg særskilde rettar og privilegier.

I vingarden handlar det om at vingardseigaren (Israels Gud) både er eigaren og er god (Matt 20,15). Vingarden er ikkje det jødiske folk sitt prosjekt. Vingarden er Guds prosjekt for å visa sin godleik. Alle blir invitert og alle blir invitert til å øva seg i å bli like generøse som Gud sjølv er. Det er nok ikkje tilfeldig at den tredje omtalen om Yeshua si ferd til Jerusalem for å lida kjem rett etter likninga om arbeidarane i vingarden: Det er her grunnlaget blir gjort for

at alle – sjølv dei som møter opp i ellefte time – kan bli med å få dekka alt som er nødvendig for å leva.

Brevteksten uttrykker noko av det same. Apostelen Paulus vender seg til dei «som er helga i Kristus Jesus» (1 Kor 1,2), dvs dei som budde i byen Korint og som hadde blitt skilt ut til å tilhøyra den som var «Guds salva». Dei gresktalande grekarane i Korint hadde nok ikkje skjøna kva tittelen «salva» kunne tyda viss det ikkje hadde vore for at det jødiske synagogemiljøet i byen hadde formidla at «salva» heiter «Christos» på gresk og «Mashiach» på hebraisk og at ein må lesa i Tanakh (GT) for å skjøna poenget. Dei som blei helga, dvs skilt ut for å tilhøyra denne «salva» Yeshua var både jødar og grekarar (Apgj 18,1-11). Desse folka i Korint var kalla til å «vera heilage», ved Guds invitasjon, han som delar ut nåde og fred.

Det kallet delar vi heidningkristne i Noreg saman med dåtida sine korintarar - mens vi ventar på at det skal oppfyllast som det står: «I dagar som kjem, skal Jakob slå rot, Israel skal veksa og bløma og fylla jorda med grøde» (Jes 27,6).

**Andreas Johansson**

Misjonssekretær i DELK

[andreas.johansson@delk.no](mailto:andreas.johansson@delk.no)